

HOVUDLUS

INFORMASJON TIL FØRESETTE, SKULE OG BARNEHAGE

Utarbeida av helsesjukepleiar i Årdal kommune
2021

Hovudlus er ufarleg, men plagsamt.
Det kan forekomma i alle familiar.

Det er i dag ikkje mogleg for helsepersonell, grunna omfanget, å halda skular og barnehagar lusefri til ei kvar tid. Vi må difor be om at alle føresette medverkar til at lusetilfeller vert oppdaga så tidleg som råd er for å hindre spreiding.

LUS

Hovudlusa er 2 – 3 millimeter store insekt som korkje kan flyge eller hoppe. Lusa får næring ved å suge blod. Egga blir klekte ut ei veke etter at dei er lagde. Kløen er ein allergisk reaksjon, og kjem fyrst fleire veker etter at ein er smitta.

Levande lus kan vere vanskeleg å oppdage då dei bevegar seg fort og gøymer seg i håret. Egga er derimot lettare å sjå. Dei vert lagt tett inntil hovudbotn, særleg i nakken og bak øyrene. Lusa limer egga til håret ved hårrota. Når hårstrået veks, følgjer egga med. Etersom håret veks (ca. 1 cm. pr. månad)vert egga meir synlege. Egga vert klekte etter ei veke, men eggeskala vert sitjande att i håret etter at luselarven er komen ut. Egg som sit 1 cm. eller lenger ute frå hovudbotn vert rekna som døde, eller som klekte egg. Flass kan forvekslast med luseegg, men i motsetnad til egg let flass seg lett fjerna.

SMITTEMÅTE:

Lus kjem ikkje av dårleg hygiene.

Lus smittar fyrst og fremst ved nærkontakt mellom hovud. For å formeire seg er lus avhengig av varme frå hovudbotn og tilførsel av næring fleire gonger pr. dag. Lus kan gå over i luer, hjelmar, skjerf, kammar og børstar, og smitte frå slike ting kan ein ikkje sjå bort ifrå. Smitte frå møblar og sengeklede skjer sjeldan.

LUS I SKULE OG BARNEHAGE

Viss ein oppdagar hovudlus hjå barn i barnehage eller skule, treng ein ikkje senda barnet heim. Barnet har truleg hatt lus i lang tid, nokre timar frå eller til betyr lite i høve smittespreiding.

I behandlingstida kan barnet vera i barnehage/ skule som vanleg.

Gje beskjed til skulen, barnehage, vener og andre nære kontaktar dersom du er smitta av lus.

KORLEIS OPPDAGE LUS?

- Sjekk barnet i tørt hår
- Legg eit kvitt handklede over skuldrene på den som skal sjekkast
- Kam heile håret systematisk med ein lusekam. Langt hår kan delast opp i 3-6 hestehalar (Lusekam kan kjøpast på apoteket)
- Sjekk både handklede og kam for lus og egg
- **Sjekk barnet jamleg for hovudlus, minst ein gong i månaden**

Når det blir oppdaga lus på ein person, er det viktig at heile familien og andre moglege smittekontaktar blir undersøkte.

Det er viktig å vere klar over at ein kan ha lus utan å klø.

BEHANDLING:

Det er kun personar med påvist lus som skal behandlast.

Alle familiemedlemmer må undersøkjast dersom ein i familien har fått lus. Ta ikkje behandling førebyggjande då dette aukar risikoen for at lusa vert motstandsdyktig mot behandling. Lusemiddel kan kjøpast på apotek utan resept.

Lusekam:

Kjemming av vått hår skal gjerast grundig ein gong om dagen i minst 8 dagar. Deretter ein gong i veka i 3 veker.

REINGJERING:

Hovudlus dør ikkje av hårvask med vanleg shampo. Hovudlus er hardfør, men utan blod kan dei ikkje greie seg i meir enn to døgn.

- Lus i gjenstandar og klede dør om dei ligg ubrukte i romtemperatur i to døgn.
- Lus dør raskt ved frysing (-20 grader C i minst 4 timar) og ved vask på 60 grader C

Omfattande reingjering av hus og inventar trengst ikkje.

Skift sengeklede og støvsug madrass. Dynner, puter, kosedyr, hovudplagg, kammar og hårpynt kan leggest vekk i to døgn eller frysast i minst 4 timar.

Etter første behandling er det ingen smittefare dersom behandlinga har verka.

Lus overlever vanleg hårvask. Det er difor nødvendig med den nemnde behandlinga når lus vert oppdaga.

LUS SOM ER MOTSTANDSDYKTIG MOT BEHANDLING

Lusekam er det einaste effektive midlet til å få bukt med hovudlus dersom behandling med lusemiddel ikkje nyttar.

Er du i tvil om det er lus, eller har spørsmål, kan du kontakte helsestasjonen/ skulehelsetenesta, evt søke på FHI.no/lus.

Årdal Helsestasjon	Farnes skule	Farnes skule u steg	Tangen skule
Tlf: 57 66 50 20	Tlf: 48 89 49 02	Tlf: 96 94 79 63	Tlf: 46 93 66 31